

Møte i Bygdautvalet 19.08.25 kl 19.00 – 21.00 på Bøyum Camping

Til stades: Eivind Ødegård (leiar), Inna Jorddal, Grethe Mundal, Inge Rauboti, Ivar Erlend Waatevik, Hilde Mauritzen (skrivar)

Sak 1 Arven etter Arnold Mundal

Utdrag frå testamentet til Arnold Mundal låg føre. Som dei fleste no veit så gir Arnold Mundal sitt testamente Fjærland Bygdautval i oppdrag å oppnemne 3 – 5 personar i ei stifting, med formål å gi støtte til einskildpersonar/ fellestiltak som kjem bygda Fjærland til gode. Desse er spesifisert i testamentet, som før er sendt ut til medlemmene i BU.

Fjærland bygdautval v/ Eivind vil spørje desse personane: Gunnar Bøyum, Aamund Mundal, Laura Kvamme, Arne Skjelten, Monica Skeide.

Leiar i bygdeutvalet er med som observatør. Styret skal lage vedtekter i tråd med Arnold sitt testamente. Ein ønsker at vedtektene er ferdig til årsmøtet til Bygdautvalet i februar 2026, og at styret i sitftinga er med på eit folkemøte for å orientere/ få innspel, før det.

Sak 2. Parkeringsstrategi

Sogndal kommune skal lage parkeringsstrategi og medlemmer i nemnd har blitt vedteke i kommunestyremøte i juni. Bjarte Haugen er leiar, første møte er 20/8. Eivind og Inna møter. Det skal og vere eit Bygdamøte 3. september. Innspel:

Tal frå trafikktellinga (følgjast opp av Hilde)

Trafikkdirigering i Bøyadalen. Vegvesen har søkt om midler til utbedring av p-plass/ raste plass.

Skilt for Møteplass mangler langs fylkesvegen.

Villparkering (fergekai og andre steder)

Langtids og korttidsparkering i Mundal

Sak 3 Diverse ønsker frå årsmøtet, skal følgjast opp/ arbeidast med i 2025:

- a. Samarbeid med næringsaktører om utvikling - Utsatt til neste møte
- b. Miljøstasjon for landbruk og reiseliv - Spørsmål om å lage en fellesdunk. Ikkje noko vedtak. Kommunikasjon med kommunen går trått, Eivind skriv til Torgeir Bang el hans leiar.
- c. Innfallsport til Fjærland - Ein må sjekke kva arealet er foreslått brukt til, i arealplanen som held på å bli vedteke

Sak 4 Ymse

- a. Servicebygget - Bussgrupper må betale for å bruke fasilitetene
- b. Kai - Grete spør Jarle hva han skal ha for å lage skjørtet til kaien (materialene er klare)